



**Ålfotbreen
verneområdestyre**

Postadresse
Ålfotbreen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

Rådgevande utval for Ålfotbreen LVO

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 19.10.2020

Ålfotbreen landskapsvernområde - Referat etter møte i rådgevande utval 16.10.2020

Fredag 16.oktober kl 13.00 til 15.30

Kleppenes Gard

Desse møtte:

Leidulv Solvang – grunneigar Kinn kommune
Dag Eliassen – Flora turlag
Ragna Flatla Hauglaund – Sogn og Fjordane Energi
Per Helge Eikeland – Svelgen Kraft
Katrine Fjellestad Aske – Midtre Nordfjord turlag
Svenn Petter Kjerpeset – Keipen turlag
Matias Hope – grunneigar Gloppen
Jacob Nødseth – styreleiar Ålfotbreen verneområdestyre
Janne Solheim – Ålfotbreen verneområdestyre
Sverre Sæten – Statens naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

Saker:

1. Opning av møtet

Styreleiar Jacob Nødseth opna møtet og ønskte velkommen

2. Presentasjon av det nye verneområdestyret

Vi hadde ei presentasjonsrunde der representantane frå utvalet, verneområdestyret og forvaltninga presenterte seg og fortalde kven dei representerte.



3. Forvaltning i 2020

Verneområdeforvaltar gjekk gjennom dei sakene som har vore handsama siste året og det mest vesentlege arbeidet som har blitt jobba med.

4. Gjennomførte tiltak i 2020

Verneområdeforvaltar gjekk gjennom dei tiltaka som har blitt jobba med i 2020 og korleis tiltaksmidlane er nytta:

- Hope – Lavesteinen
- Mettenes – Gullsmedhytta
- Grøndalen – Blåbrebu
- Førdedalen
- Informasjonsskilt
- Bru ved Skarvevatnet

5. Aktuelle tiltak i 2021

Verneområdeforvaltar presenterte kort kva tiltak som forvaltninga ser på som mest aktuelle i 2021:

- Tilrettelegging i Førdedalen
- Gjere ferdig brua ved Skarvevatnet
- Gjere ferdig tiltaka langs ruta frå Grøndalen til Blåbrebu
- Informasjonsskilt

Utvalet fekk høve til å kome med innspel til forvaltninga om kva tiltak som bør prioriterast i 2021.

- Det bør settast opp informasjonsskilt med informasjon om verneområdet på den nye busstoppen ved Straumsneskrysset (der man tek av innover Nordalsfjorden).
- Midtre Nordfjord turlag ynskjer å ha enkle gapahukar i fjellet langs dei mest populære rutene, kor det ikkje er hytter.



6. Innspel og spørsmål frå utvalet

- Flora turlag stilte spørsmål om kva parkeringsplassar og vegar i Hope som er opne for ålmenta, og som dei kan råde medlemmer og andre til å bruke.

Både verneområdeforvaltar og grunneigarrepresentant frå Hope er av den oppfatning at både parkeringsplass nede på Bakkjen (der utedoen står) og parkeringsplassen oppe på Nakkane er open for ålmenta. Og at det same naturleg nok gjeld grusvegen som går opp til den øvste parkeringsplassen på Nakkane.

- Turlaga ønskjer enklare og meir føreseieleg tilgang til anleggsvegen frå Yksneelvane kraftverk og opp til dammen i Bjørndalen.

Dette er SFE sin private veg, og den er stengt med låst bom. I tillegg til SFE har grunneigarane bruksrett på vegen. Enkelte andre får bruke vegen etter avtale med enten SFE eller dei grunneigarane som har bruksrett og dermed nøkkel. Vegen er bratt og har grusdekke. SFE har ein del kostnadar og utfordringar med å halde vegen ved like. Det er ikkje aktuelt å opne denne vegen heilt for allmenn bruk, av omsyn til både tryggleik og vedlikehaldsbehov.

SFE er i utgangspunktet positive til at turlag og andre lag/organisasjonar kan få låne nøkkel til bommen av SFE til sine planlagte og organiserte aktivitetar. Dette er grunneigarlaga orientert om.

- Svelgen Kraft minte om at der ligg eit inntak til ein overføringstunnel på Hylle 7, ikkje langt frå den merka ruta som går frå Førdedalen og i retning Plogen og Keipen. Her må ein vere obs på det inntaket når man går i området, særleg på seinvinter/vår. Kjerpeset i Keipen turlag seier dei er obs på det, og stadfestar at i delar av året kan her vere skummelt.

7. Ymse

Flora turlag presenterte sine planar om å få bygd sikringsbu ved Gjegnabu.

Det å ha ei sikringsbu er ein viktig del av tryggleiken ved turlagshyttene. Ved ein brann eller anna naudsituasjon i tilknytning til ei turlagshytte bør det vere eit alternativ der man kan søke ly. Ei sikringsbu kan og auke kapasiteten til Gjegnabu, og opne for meir fleksibel bruk.

Flora turlag er heilt i startfasen av planlegginga av ei eventuell sikringsbu. Eit par arkitektar har vore på staden og sett på aktuelle plasseringar og utforming. Det er mange omsyn å ta. Oppføring av sikringsbu krev løyve både frå verneområdestyret og frå kommunen.